



Adresseinformasjon fylles inn ved
ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Dato: 12.02.2022

Vår ref: 22/01038-1

Dykkar ref:

Høyring til kommuneplanen sin samfunnsdel 2022-2034

Alver kyrkjelege fellesråd vil med dette gi si høyring til kommuneplanen sin samfunnsdel. Dersom planen skal fungere som meir enn berre ein plan for sjølve kommunen, må den avspeglia lokalsamfunna på ein djupare måte slik at også dei verdiane samfunnet er bygd på, blir tatt med vidare. Nordhordland og kommunane har mellom anna ei lang historie med nærheit og tillit mellom kommune og kyrkje med et eit aktivt frivillig arbeid. Det meiner vi at Alver kommune må byggja vidare på.

Slik planutkastet er laga er det mykje som er bra, men vi ser også svakheiter. Når vi les utkastet til samfunnsplan, og også kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv, så finnes ikkje ord som tru, religion, kyrkje, livssyn, gravplassar (med etterhald), men mykje anna er nemnd.

I Hurdalsplattforma, som Arbeiderpartiet og Senterpartiet er blitt einige om, heiter det: «*Regjeringa ønskjer eit livssynsopent samfunn, der alle har respekt for og kunnskap om livssynet til andre. Trus- og livssynssamfunna er viktige både for enkeltmenneske og for storsamfunnet. For mange menneske utgjer dei viktige fellesskap, og dei skaper tilhørsel og identitet.*

- Alver kyrkjelege fellesråd vil utfordra Alver kommune til å ta inn eit liknande livssynspunkt i si «plattform» som regjeringa har i Hurdalsplattforma (over).
- Kyrkje og kristent organisasjonsliv var ein stor aktør i dei tre tidlegare kommunane, og er det i Alver. Det store arbeidet innanfor kyrkje og organisasjonsliv er ei viktig inspirasjonskjelde, motivator og pådrivar innanfor det som i planen blir kalla «dugnad, samarbeid, frivillig arbeid, lokalt engasjement/naboskap og aktive innbyggjarar».
- Kyrkjebygg og gravplassar, kyrkjelege tilsette og frivillige i kyrkje og livssynssamfunn utgjer viktige delar av det kommunen vår har som ressurs for å skape gode lokalsamfunn. Dette bør ha eit eige punkt i planen, eller bli tatt tydelig inn i andre punkt
- Omgrepet kulturtildelning bør vere definert tydeleg, der også kyrkje, livssynssamfunn/organisasjonar og andre frivillige organisasjonar ser at dei er ein del, ikkje berre det strengt definerte kulturbegrepet (litteratur, musikk, kunst) er inkludert.
- Omgrepet tenestetilbod bør definerast, elles er det lett at folk tenker – helse, skule, kommunale kontor: Kyrkje, kyrkjekontor og gravplassar er ein del av tenestetilbodet. Andre fysiske møteplassar er også det.

- Kommunen har eit spesielt økonomisk ansvar for Den norske kyrkja, og DNK må difor kunne vere nemnt eksplisitt. ([Lov om tros- og livssynssamfunn, kapittel 3](#))
- Til hovudmål 1. Kyrkja er ein fysisk arena og aktør i lokalsentra, er open for samarbeid med både kommune og andre og bør ha gode rammer for halde fram og vidareutvikle det. Vi vil framleis gjerne vere med på å sørge for « inkluderande møteplassar, gode bu og nærmiljø i sentra, nærmiljø med deltaking og sosial inkludering, desentraliserte tenestetilbod og mangfaldig lags- og kultuurliv» (sitat frå vegval)
- Ein viktig mangel på rammevilkår for å kunne fylle måla ovanfor er ei arbeidskyrkje på Frekhaug. (Gamle Meland kommune er dei einaste av Alver sine to (av 10 i Alver) senter som er utan kyrkjebygg). Her har kommunen framleis eit viktig ansvar. Det må kunne bli nemnt konkret på tilsvarende måte som til dømes bygging av bustad nr 2 på gardane i mål 1 eller kulturhus/svømmehall i Knarvik og idrettsanlegg i mål 3.
- Til hovudmål 2. Kyrkjene har eit utnytta potensiale innanfor reiselivet, for eksempel knytt til kongsgarden på Seim, samlokalisering med Lyngheisenteret på Lygra, kyrkjene ved E39 i Knarvik og Vike for å nemne det opplagte.
- Til hovudmål 3. Kyrkja er ein viktig aktør i det frivillige kulturlivet og til dels ein profesjonell aktør og arena i kulturlivet. Kyrkjebygga og gravplassane er viktig kulturmiljø og av dei viktigaste og eldste kulturbygga i kommunen. Det er likevel viktig å understreke at kyrkja er aktiv på ei rekke andre felt, difor kan ikkje kyrkja sortere under kulturdelen åleine.
- Til hovudmål 4. Kyrkja arbeider aktivt for å gje gode tilbod for barn, unge, eldre, einsame, fleirkulturelle og andre utsette grupper. Utanom det offentlege tenestetilbodet er kyrkja av dei få aktørane som også har profesjonelle og tilsette utøvrar på desse områda (diakonar, pedagogar, prestar). Kyrkja si omsorg for menneske i sorg og i tilknytning til gravferd, er blant dei viktigaste tilboda til innbyggjarane i kommunen. Vi arbeider også for å samarbeide meir med NAV og kommune på desse felta.

Med helsing

Grethe Lunde
Leiar fellesrådet

John Fredrik Wallace
kyrkjeverje

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Grethe Lunde Alver kyrkjelege fellesråd, John Fredrik Wallace	Lonsvegen 1	5914 ISDALSTØ
Alver kommune, Martin Kulild Meland sokn,	Postboks 4 Postboks 117	5906 Frekhaug 5906 FREKHAUG

Mottakere:

Alver kommune	Postboks 4	5906 Frekhaug
---------------	------------	---------------

Line Thuen Waage